
Arkivkode:
Saksnummer: 2016/2944

Orienteringssak: **b**
Møte: 15. desember 2016

Rekneskapsrapport per november 2016

Bakgrunn

Kostnadane på grunntildelinga (GB) har per november vore omtrent lik inntektene (0,8 mill.kr høgare enn inntektene), og fakultetet overfører dermed eit akkumulert overskot på ca. 8,7 mill.kr til desember.

Innan bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) har aktiviteten per november vore tydeleg lågare enn budsjettet, men litt høgare enn same periode i fjor. Tilbakemeldingane frå institutta tyder ikkje på at bidragsaktiviteten vil verte lågare enn budsjettet for året sett under eitt. Innbetalingane på BOA har per november vore høgare enn både budsjetterte innbetalingar og innbetalingar i same periode i fjor.

Fakultetsdirektørens kommentar

Etter å ha styrt mot balanse frå starten av året auka fakultetet prognosen for overføring til 5 mill.kr i sommar. Per november held fakultetet fast på prognosene om overføring til 2017 på 5 mill.kr i overskot.

Fakultetet endrar i november prognosene for EU-aktivitet med 4 mill.kr og oppdragsaktivitet med 1 million kroner, slik at samla prognose for BOA aktivitet er 370 millionar kroner, 6 millionar kroner over årsbudsjett. Prognose for innbetaling er auka med 15 mill.kr knytt til annan bidragsaktivitet, 5 millionar kroner knytt til EU-innbetalingar, og 3 mill.kr knytt til oppdragsaktivitet. Samla prognose for BOA innbetalingar er 376 millionar kroner, 33 mill.kr over årsbudsjett.

Vi ligg då an til å ha like høg ekstern aktivitet som i 2015, medan innbetalingane forventast å verte nær 30 mill.kr høgare enn 2015.

Forslag til vedtak

Fakultetsstyret tek økonomirapport per november 2016 til orientering.

Bergen, 14. desember 2016


Elisabeth Müller Lysebo
fakultetsdirektør

Vedlegg: Økonomirapport per november 2016


Økonomirapport MN per november 2016

1. Totaløkonomien ved fakultetet

Figur 1 Utvikling GB og BOA per november 2010-2016




Figur 2 Utvikling BOA per november 2010-2016



Figur 1 viser samla utvikling i inntekter til fakultetet per november i perioden 2010 - 2016, medan figur 2 viser utvikling i inntekter på BOA per finansieringskjelde. Inntektene på GB har i snitt auka med 5,6 % årleg per november i perioden 2010-2016, medan inntektene på BOA har hatt gjennomsnittleg årleg auka på 3,6 % i same periode. På årsbasis er gjennomsnittleg årleg vekst i perioden 5 % for GB og 2,8 % BOA, når ein bruker budsjetterte inntekter for 2016. Merk at det ikkje er tatt omsyn til inflasjon i utrekning av prosentvis vekst, og at realveksten altså er noko lågare. Som figur 2 viser, er BOA-aktiviteten per november litt høgare enn i same periode i fjor. NFR-bidragsaktiviteten, EU-bidragsaktiviteten og oppdragsaktiviteten har auka per november, medan annan bidragsaktivitet er redusert.

Per november 2016 kjem 36,6 % av inntektene til fakultetet frå BOA, mot 36,7 % på same tid i fjor.

Figur 3 Prosentvis fordeling kostnadane GB og BOA per institutt per november 2016



Figur 3 viser korleis kostnadane fordeler seg på GB og BOA per institutt per november. For dei fleste institutta er hovudvekta av aktiviteten finansiert av GB, medan ved GFI og GEO er omrent 50 % av aktiviteten finansiert av BOA. Både KI og GEO har hatt aktivitet knytt til innkjøp av nasjonal infrastruktur som påverkar andelen BOA.

2. Grunntildeling (GB)

Tabell 1 Grunntildeling (motpart 00) per november 2016 (tal i 1000 kr)

Grunnbevilgning (mill.kr)	Prognose 2016	Årsbudsjett 2016	Budsjett pr november 2016	Rekneskap pr november 2016	Avvik pr november 2016	Avvik %	Rekneskap november 2015	Endring fra november 2015
Inntekter frå KD		-608 454	-550 986	-550 991	5	0,0 %	-540 095	2,0 %
Andre inntekter		-15 000	-8 796	-11 151	2 355	26,8 %	-13 529	-17,6 %
Inntekter		-623 454	-559 782	-562 142	2 360	0,4 %	-553 623	1,5 %
Investeringar		11 038	13 339	14 269	-930	-7,0 %	10 777	32,4 %
Lønskostnadar		473 682	429 231	430 607	-1 377	-0,3 %	416 084	3,5 %
Andre driftskostnadar		116 735	95 428	81 765	13 662	14,3 %	78 579	4,1 %
Internhandel med meir		31 553	46 213	36 332	9 881	21,4 %	48 446	-25,0 %
Kostnadar		633 008	584 210	562 973	21 236	3,6 %	553 886	1,6 %
Driftsresultat		9 554	24 428	832	23 596		263	
Saldo overført frå forrige år		-9 554	-9 554	-9 556	2		-15 821	
Saldo overført til neste periode	5 000	0	-14 874	8 725	-23 598		15 559	
Sum		0	0	0	0		0	

Fakultetet auka per juli prognosen, etter å ha styrt mot budsjettbalanse frå starten av året. Bakgrunnen for auke av prognosen var tildeling av nye studieplassar, samt at tildeling til SFU bioCEED i 2016 for fyrste gong kom via KD. Per november held fakultetet fast på prognosen om overføring til 2017 på 5 millionar kroner i overskot.

Inntektene frå KD har per november vore som budsjettert. Inntektsavviket skuldast at instituttinntektene har vore ca. 2,3 millionar kroner høgare enn budsjettert. Avviket i instituttinntekter fordeler seg mellom institutta, der somme har positive og andre negative avvik. Trass positivt avvik per november ventar vi ikkje høgare instituttinntekter enn budsjettert.


Kostnadane har per november vore lågare enn budsjettert, og 1,6 % høgare enn i same periode i fjor. Samanlikna med budsjettet har andre driftskostnadar vore lågare enn budsjettert per november ved dei fleste institutta. Dette skuldast delvis at det jamt over er budsjettert med for høge driftskostnadar i starten av året. Det at andre driftskostnadar er på nivå med kostnadar i denne kategorien i same periode i fjor illustrerer dette. Vidare er det forseinkingar i aktivitet ved SKD, og delar av avviket må sjåast i samanheng med det negative avviket i investeringar då det ved ein feil er budsjettert noko som andre driftskostnadar på utstyrsprosjektet. Investeringane ventast å kome opp mot 15 millionar kroner ved årsslutt.

Lønnskostnadane har vore 3,5 % høgare enn i same periode i fjor, og 0,3 % høgare enn budsjett. Lønn til faste tilsette har vore lågare enn budsjettert, medan midlertidige lønnskostnadar (inkluderer vikarar, sensur osv.) har vore høgare enn budsjettert.

Netto interne kostnadar har vore lågare enn budsjettert, men høgare enn årsbudsjett. Det er positive og nokre negative avvik mellom institutta og mellom dei ulike interne kostnadsartane. Det er mellom anna positive avvik knytt til overheadinntekter og frikjøp på ca. 3,5 mill.kr og eit negativt avvik (ca. 2,2 mill.kr) knytt til ei teknisk omlegging i rekneskapet ved at avvik mellom kostnadar og avtalebeløp i prosjektmodulen PA no vert synleg som kostnad på GB. Slike avvik skuldast oftast at det er kostnadsført meir enn avtalebeløp på prosjekta, og store avvik her skuldast i all hovudsak at ein ventar på ny kontrakt før ein kan oppjustere avtalebeløp. Reelle overforbruk på prosjekta er andre grunnar til at slike avvik kan oppstå, men desse avvika vil normalt ha lågare omfang. Fakultetet følgjer overforbruket på eksterne kundar nøyne, og har inkludert eige oppsett for oppfølging av dette i rapporteringsmalane institutta får tilsendt i samband med avviksrapportering. Tilbakemeldingane frå institutta tyder på at ca. 0,5 – 0,6 millionar kroner av avviket er reelle overforbruk der ein må finne dekking i andre eksterne prosjekt eller på grunnbevilgninga.


Figur 4 viser budsjetterte og rekneskapsførte kostnadar på GB per månad for fakultetet sett under eitt. Som figuren viser har rekneskapen per november i relativt stor grad følgt same mønster som budsjettet.

Figur 4 Budsjett og rekneskap per måned 2016 (tal i 1000 kr)



Figur 5 viser talet på faktiske stipendiat- og postdoktorårsverk per november 2016 samanlikna med årets tildeling per institutt. Samla sett har fakultetet per november ingen lediggang i rekrutteringsstillingar.

Figur 5 Rekrutteringsstillingar GB, faktiske årsverk per november og tildeling 2016



På motpart 81 har både investeringane og avskrivingane vore høgare enn budsjettet. Pr november har det blitt skrevet av utstyr for ca. 34,5 millionar kroner, medan investeringane har vore på ca. 26 millionar kroner, mykje pga. investeringar på BOA ved GEO. Investeringar i nasjonal infrastruktur ved KI på vel 20 millionar kroner er ikkje overført til motpart 81.

3. Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Tabell 2 Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per november 2016 (tal i 1000 kr)

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet	Prognose 2016	Årsbudsjett 2016	Budsjett pr november 2016	Rekneskap pr november 2016	Avvik pr november 2016	Avvik %	Rekneskap pr november 2015	Endring frå november 2015
Tilskot/Innbetalingar								
Norges forskingsråd	-230 000	-230 000	-186 568	-177 765	-8 803	-4,7 %	-173 416	2,5 %
EU	-45 000	-30 000	-39 083	-40 885	1 802	4,6 %	-34 061	20,0 %
Andre bidrag	-95 000	-80 000	-76 218	-89 138	12 920	17,0 %	-87 952	1,3 %
Oppdrag	-6 000	-3 000	-3 417	-4 184	767	22,4 %	-5 777	-27,6 %
Sum	-376 000	-343 000	-305 285	-311 971	6 686	2,2 %	-301 206	3,6 %
Aktivitet/kostnadar								
Norges forskingsråd	225 000	225 000	232 573	196 221	36 351	15,6 %	185 849	5,6 %
EU	45 000	41 000	47 190	41 472	5 717	12,1 %	40 268	3,0 %
Andre bidrag	94 000	94 000	103 681	80 909	22 773	22,0 %	92 132	-12,2 %
Oppdrag	6 000	4 000	4 806	5 223	-417	-8,7 %	2 269	130,2 %
Sum	370 000	364 000	388 249	323 825	64 424	16,6 %	320 517	1,0 %
Saldo overført frå forrige år								
Norges forskingsråd	4 408	4 408	4 408	4 408	0	0,0 %	-10 308	-142,8 %
EU	-25 998	-25 998	-25 998	-25 998	0	0,0 %	-31 055	-16,3 %
Andre bidrag	-39 036	-39 036	-39 036	-39 036	0	0,0 %	-44 192	-11,7 %
Oppdrag	-7 078	-7 078	-7 078	-7 078	0	0,0 %	-3 737	89,4 %
Sum	-67 704	-67 704	-67 704	-67 704	0	0,0 %	-89 291	-24,2 %
Saldo overført til neste periode								
Norges forskingsråd	592	592	-50 413	-22 864	-27 549	-54,6 %	-2 125	975,9 %
EU	25 998	14 998	17 891	25 411	-7 520	-42,0 %	24 848	2,3 %
Andre bidrag	40 036	25 036	11 573	47 265	-35 692	-308,4 %	40 011	18,1 %
Oppdrag	7 078	6 078	5 689	6 039	-350	-6,1 %	7 245	-16,6 %
Sum	73 704	46 704	-15 260	55 851	-71 111	466,0 %	69 980	-20,2 %
Sum	0	0	0	0	0		0	

Tabell 2 viser at aktiviteten samla sett per november 2016 er 16,6 % lågare enn budsjettet, og 1 % høyare enn i same periode i fjor. Aktiviteten har vore lågare enn budsjettet for alle finansieringskjelder unntatt oppdragsaktivitet, og avviket skuldast mellom anna forseinka oppstart på flere prosjekt, t.d. ICOS, FIX-03 og BFS-prosjekt ved GFI og forskarskule og toppforsk-prosjekt ved IFT, samt forseinkingar på algepilot-prosjekt ved BIO. I tillegg fører den tekniske omlegginga i rekneskapet ved at avvik mellom kostnadar og avtalebeløp i prosjektmodulen PA no vert synleg som kostnad på GB, tilsvarande lågare aktivitet på BOA.

Tilbakemeldingane frå institutta tyder likevel ikkje på at bidragsaktiviteten vil verte lågare enn budsjettet for året sett under eitt, og fakultetet held per november fast på prognosane om NFR-bidragsaktivitet og annan bidragsaktivitet lik budsjettmål for 2016. Prognose for EU-aktivitet aukar med 4 mill.kr til 45 mill.kr og oppdragsaktivitet aukar med 1 mill.kr til 6 millionar kroner. Samla prognose for eksternfinansiert aktivitet i 2016 er dermed 370 millionar kroner.


Innbetalingane frå BOA har per november samla sett vore 6,7 mill.kr over budsjett. Innbetalingane har vore høyare enn budsjettet for alle finansieringskjelder, med unntak av NFR-bidragsaktivitet, der innbetalingane har vore lågare enn budsjettet.

For annan bidragsaktivitet, EU-bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet har innbetalingane vore høyare enn årsbudsjett og prognose per oktober. Prognosene for innbetalingar vert difor auka med 5 mill.kr til 45 mill.kr for EU-aktivitet, med 15 mill.kr til 95 mill.kr for annan bidragsaktivitet og med 3 mill.kr til 6 mill.kr for oppdragsaktivitet. Samla prognose for innbetalingar er difor auka med 23 millionar kroner til 376 millionar kroner.

Tabell 3 BOA-aktivitet per institutt per november 2016 (tal i 1000 kr)

Finansieringskilde	MN-felles	MI	II	IFT	KI	MBI	GFI	GEO	BIO	GEOBIO	Samla
1. Oppdragsaktivitet	0	0	107	562	1 280	94	11	366	2 803	0	5 223
2. NFR - bidragsaktivitet	0	9 416	15 808	29 569	31 875	6 278	24 910	33 447	41 308	3 611	196 221
3. EU - bidragsaktivitet	0	-10	3 032	7 087	147	0	6 613	13 395	11 207	0	41 472
4. Annen bidragsaktivitet	1 788	3 961	5 273	7 807	4 231	6 109	4 567	33 794	13 378	0	80 909
Sum	1 788	13 367	24 220	45 026	37 533	12 482	36 102	81 002	68 695	3 611	323 825
Prosent av samla BOA	0,6 %	4,1 %	7,5 %	13,9 %	11,6 %	3,9 %	11,1 %	25,0 %	21,2 %	1,1 %	100,0 %

Figur 6 BOA-aktivitet per institutt per november 2016 (tal i 1000 kr)



Tabell 3 og Figur 6 viser BOA-aktivitet per institutt per november 2016. Samla aktivitet, EU-bidragsaktivitet og annan bidragsaktivitet har alle vore størst ved GEO, medan NFR-bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet har vore størst ved BIO.

Tabell 3 viser i tillegg fordelinga av BOA-aktivitet ved fakultetet. Det har per november vore størst aktivitet ved GEO og BIO, og desse to institutta står samla sett for 46 % av BOA-aktiviteten ved fakultetet.

4. Fakultet 19 – Senter for klimadynamikk (SKD)

Inntektene til SKD vert stilt til disposisjon på ein sentral stadtkode (191000), samtidig som alle detaljane i SKD sitt rekneskap vert ført på ein stadtkode som ligg under fakultetet (129000). Kvar tertial vert kostnadane som er ført under fakultetet overført til den sentrale stadtoden på internartar. Eit eventuelt over- eller underforbruk vert dermed ikkje synleg i fakultetet sitt rekneskap, men avvik innanfor ulike kostnadskategoriar vil vere det.

SKD overførte ca. 11 millionar kroner frå 2016. SKD melder om litt forseinka aktivitet i høve til budsjett, men justerer prognosene for overføring til 2017 frå 7 millionar kroner til i overkant av 4 millionar kroner.

5. Vedlegg

5.1 Definisjonar og forklaringar

Grunntildelinga (GB) er den aktiviteten som er finansiert av Kunnskapsdepartementet (KD) sitt statstilskot, òg kalla statsoppdraget.

GB er delt inn i motpart 00 og 81:

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane rekneskapsført. Føringane her har realøkonomiske konsekvensar for fakultetet, og midlane er delt i annuumsmidlar som kan disponerast fritt og midlar til øyremerka tiltak som er tildelt spesielle føremål (t.d. universitetsstipendiatar og utstyr). I tillegg vert andre inntekter, som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforsking (som leigeinntekter, refusjonar og liknande), ført her.
- På motpart 81 vert avskrivingane ved fakultetet rekneskapsført. Her visast fakultetet sine totale investeringar og avskrivingar, og det vert synleggjort om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrspark. Dersom avskrivingane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparken. Føringane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

I tillegg til inntekter frå GB utgjer inntekter frå eksterne bidrags- og oppdragsytalar ein viktig del av fakultetet si samla omsetning. Denne verksemnda er delt i aktivitetar finansiert av Noregs forskingsråd (NFR), EU, andre bidragsytalar og oppdragsgivarar. Denne aktiviteten omfattar prosjekt der aktiviteten føregår ved Universitetet i Bergen. Den omfattar ikkje aktivitet som føregår ved andre institusjonar (t.d. Universitetet i Oslo eller UNI Research AS).